

# Eksamen

21.05.2019

HUD3001 Helsefremmande arbeid / Helsefremmende arbeid

**Programområde:** Hudpleie Vg3

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	I denne oppgåva blir det lagt vekt på påverknaden sola har på huda, hudsjukdommar og hårlidingar.

## Situasjonsbeskriving

Du jobbar som hudpleiar i ein hudpleieklinikk der de utfører tradisjonelle og hudforbetrande behandlingar.

Den første kunden din denne dagen heiter Aina Sivertsen. Ho har bestilt hudanalyse og fjerning av hår i ansiktet. Ho ønskjer å bruke meir tid på eigenpleie, da ho synest ho ser eldre ut enn sine jamgamle venninner. Du blir også overraska når du finn ut at ho berre er 42 år.

Aina er ei aktiv dame og ferdast mykje ute i skog og mark, både sommar og vinter. Ho følgjer ingen hudpleierutinar, men har alltid vore påpasseleg med å bruke ein fuktigheitskrem. Huda hennar er svært tørr, med mange djupe linjer, rynker og pigmenteringar, både i ansiktet og på brystet. Linjene i kinna går på kryss og tvers.

I ansiktet har ho ei hyperkeratotisk pigmentforandring som kjennest ut som sandpapir.

På brystet ser du nokre knuteliknande pigmentforandringar med ei skinande, glatt overflate.

På haka har ho ein tydeleg hårvekst med både tjukke og tynne hår, noko ho fortel at mora hennar også hadde.

## Oppgave 1

- a) Kva råd vil du gi Aina basert på observasjonane du las om i situasjonsbeskrivinga?
- b) Grunngi og vurder hudendringane du observerer hos Aina, basert på hudtype og fysiologiske endringar.
- c) Drøft samanhengen mellom endringar i hud, miljø, levevanar og alder for Aina.

## Oppgave 2

- a) Drøft moglege årsaker til den uønskte hårveksten hos Aina.
- b) Etter hårfjernainga ser du at huda hennar blir raud og nuppete. Forklar hudreaksjonen, og fortel kva tiltak du vil setje inn for å motverke han. Kva råd gir du Aina som ho skal følge dei tre neste dagane og før ho kjem til deg neste gong?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	I denne oppgaven blir det lagt vekt på påvirkningen sola har på huden, hudsykdommer og hårlidelser.

## Situasjonsbeskrivelse

Du jobber som hudpleier i en hudpleieklinikk der dere utfører tradisjonelle og hudforbedrende behandlinger.

Den første kunden din denne dagen heter Aina Sivertsen. Hun har bestilt hudanalyse og fjerning av hår i ansiktet. Hun ønsker å bruke mer tid på egenpleie, da hun synes hun ser eldre ut enn sine jevnaldrende venninner. Du blir også overrasket når du finner ut at hun bare er 42 år.

Aina er en aktiv dame og ferdes mye ute i skog og mark, både sommer og vinter. Hun følger ingen hudpleierutiner, men har alltid vært påpasselig med å bruke en fuktighetskrem. Huden hennes er veldig tørr, med mange dype linjer, rynker og pigmenteringer, både i ansiktet og på brystet. Linjene i kinnene går på kryss og tvers.

I ansiktet har hun en hyperkeratotisk pigmentforandring som kjennes ut som sandpapir.

På brystet ser du noen knutelignende pigmentforandringer med en skinnende, glatt overflate.


På haken har hun en tydelig behåring med både tykke og tynne hår, noe hun forteller at moren hennes også hadde.

## Oppgave 1

- a. Hvilke råd vil du gi Aina basert på observasjonene du leste om i situasjonsbeskrivelsen?
- b. Begrunn og vurder hudendringene du observerer hos Aina basert på hudtype og fysiologiske endringer.
- c. Drøft sammenhengen mellom endringer i hud, miljø, levevaner og alder for Aina.

## Oppgave 2

- a) Drøft mulige årsaker til den uønskede hårveksten hos Aina.
- b) Etter hårfjerningen ser du at huden hennes blir rød og nuppete. Forklar hudreaksjonen, og fortell hvilke tiltak du vil sette inn for å motvirke den. Hvilke råd gir du Aina som hun skal følge de tre neste dagene og før hun kommer til deg neste gang?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)